



Søknad om middel frå Geovekst-kommune

Innleiing

Fjell kommune er ein kommune i sterkt utvikling, med høg innflytting, stor utbyggingsaktivitet, og ein nært føreståande kommunesamanslåing. Plan- og utbyggingssjefen er ein del av administrasjonen i Fjell kommune og består av underavdelingane Plan, Byggesak og Miljø, geodata og oppmåling (MGO). Dei tre underavdelingane har eit breidd arbeidsfelt og har mellom anna ansvaret for areal- og samfunnsplanlegging, byggesakar, oppmåling, miljø og karttenester.

GIS-satsing i Fjell kommune

Kommunen har i det siste auka satsinga på kart- og geodataområdet, mellom anna med å tilsett ein person i full stilling som GIS-koordinator hausten 2015, etablering av tverrfagleg GIS-gruppe og utvikling av investeringsplan for fagområdet. Kommunen ser det store potensialet som ligg i å utnytte eksisterande og ny geografisk informasjon i større grad enn i dag. Det er særleg mye å hente på å gjere analyser/samanstilling av desse dataa og formidle dei internt i organisasjonen og ut mot innbyggjarar, politikarar og konsulentar osv. Dette er noko som kommunen i liten grad har arbeidd med til nå, men som vi ser at det berre blir viktigare å bruke ressursar på i framtida. For å lykkast ser vi eit behov for å gjere investeringar på området, både i form av kompetanseheving (deltaking på kurs/workshops) og innkjøp av ny programvare eller tilleggsmodular.

Auka analysekompetanse

Det er høg aktivitet og mange pågåande og framtidige prosjekt som har som formål å utvikle kommunen på ein best mogleg måte. Geografisk informasjon er sentral i mange av desse prosjekta. Blant pågåande prosjekt kan nemnes trafikksikringsplan, sykkelstrategi, mobilitetsplanar og kartlegging av kommunale vegar på bakkenivå. Det blir og arbeidd med ein klimaplan der kartfesting av klimarelaterete utfordringar (overvatn, springflo etc) er ein del av kunnskapsgrunnlaget. I eit noko lengre perspektiv vil det etter alt å døme bli gjort ei samanslåing av dei tre nabokommunane Øygarden, Fjell og Sund. Øygarden og Fjell har allereie eit samarbeid på GIS-området. Gjennom ei samanslåing vil heile den nye kommunen kunne nytte godt av den kompetansen og utviklinga som Fjell kommune nå ønskjer å bygge opp på geodataområdet.

For å møte analysebehovet i alle desse store prosjekta ser kommunen trong for å heve kompetansen knytt til analyse av geografisk informasjon. Fjell kommune bruker i dag GIS-programvara ISY WinMap, og ser det som føremålstenleg å heve analyse-kompetansen knytt direkte til dette programmet (kurs). Vidare vil det vera aktuelt å delta på kurs i bruk av GIS-programvara QGIS. Dette er eit av dei mest brukte GIS-programma i verda. Det er basert på ope kjeldekode og har mange moglegheiter når det gjeld analyser. Det finnast også tillegg til programmet som gjer det enkelt å publisere resultat av analyser.

Formidling av kunnskap gjennom kart

Formidling av analyser til interne og eksterne aktørar står Sentralt i GIS-satsinga til kommunen. Vi held i desse dagar på med utvikling av nye websider kor kart og geografisk informasjon vil få ein meir

sentral plass enn tidlegare. Websidene vil vere ein naturleg inngangsport for at folk utanfor organisasjonen skal kunne finne nyttig geografisk informasjon presentert på ein god måte.

Viss vi i større grad greier å utnytte geografisk informasjon med god kvalitet vil vi kunne gjere ein betre jobb som kommune, noko som i sin tur vil komme kommunens innbyggjarar og heile samfunnet tilgode.

Plan- og utbyggingssjefen søker med dette om **kr 150 000** frå Geovekst-kommune til eit **analyse- og formidlingsprosjekt**. Det overordna målet for prosjektet er å auke bruken av eksisterande og framtidig geodata til analyser og samanstillingar, og formidling av desse internt og eksternt. For å få til dette vil vi ha behov for kompetanseheving knytt til analyse- og formidlingsverktøy, i tillegg til å investere i program og/eller modular.

Svar på søknad

Geovekst-kommune har vurdert søknaden deres, og vi vil gjerne støtte dere med 25.000 kr.

Støtte kan gis til tiltak med oveføringsverdi, og kan brukes til kompetanseheving og dataforbedring. Geovekst-kommune kan ikke finansiere utstyr og programvare, men bidra noe til kompetanseheving i samarbeidet.

Pva. Geovekst-kommune

Hanna Sofie Nystad